

Fra: [Arve Helle](#)
Til: [Politisk VLFK Postmottak](#)
Emne: Spørsmål til fylkesordføraren
Dato: tirsdag 26. november 2019 13:05:58

Hei,

Eg ønskjer å stille følgjande spørsmål til fylkesordføraren i fylkesutvalet 03.12:

Øykommunen Fedje med sine 550 innbyggjarar har i dag to store offentlege arbeidsplassar – losstasjonen og trafikkcentralen . Totalt sysselset desse to arbeidsplassane ca 50 personar. Det seier seg sjølv at både losstasjonen og trafikkcentralen er heilt avgjerande for livsgrunnlaget i kommunen så lenge Fedje har svært avgrensa pendlemøgelykheiter.

No føregår det prosessar på statleg nivå som gjer at begge desse arbeidsplassane er i spel.

Sett på spissen kan det i verste fall ende med at den einaste statlege tilstadeverelsen på Fedje i framtida er eit ubåtvrek fullt av kvikksølv.

Vestland fylke har ei rolle som regional utviklar. Etter mi meining handlar situasjonen for Fedjesamfunnet i høgste grad om regional utvikling. Eg meiner difor Vestland fylke må ta ei rolle og jobbe aktivt saman med kommunen og andre aktørar for å sikre desse arbeidsplassane og dermed trygge livsgrunnlaget for Fedjesamfunnet.

Vil fylkesordføraren på vegne av Vestland fylke ta initiativ til eit slikt arbeid?

mvh

Arve Helle